



Denis Suchopalov  
Hellebrekkene 60  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13334 - 20/60699

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
28.09.2020

## Søknaden om oppføring av carport vert avvist - gbnr 38/121 Hodne

**Administrativt vedtak.**

**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:**

**Saknr: 1007/20**

Denis Suchopalov

Søknad om igangsetting av tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-4, jf. § 21-2, 5. ledd.  
Søknad om dispensasjon

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av carport avvist. Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak


Saka gjeld søknad om oppføring av carport som tilbygg til bustad på adresse Hellebrekkene 60 på gbnr 38/121.

Det vert vist til søknad mottatt 09.07.2020.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen for Hellebrekka Myking der området er avsett til bustadføre mål. I samsvar med føresegn 4.5 i KDP Lindås gjeld reguleringsplanen med supplerings/endring av kommunedelplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har egne føresegner om temaet.

Omsøkt tiltak er plassert i strid med regulert byggegrense mot kommunal veg. Det er søkt om dispensasjon.



## VURDERING

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Situasjonsplanen må påførast avstand til midt veg og nabogrense.
- Det må sendast inn teikningar av tiltaket.
- Grad av utnytting er ikkje oppgitt. Utnyttingsgrada må gjevast opp ved bygd areal, % BYA, og samla bruksareal for eigedomen, m<sup>2</sup> BRA.
- Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla. Du skal passera carporten på areal som er felles for alle seksjonseigarane på gbnr 38/121. Du må anten innhenta erklæring med samtykke frå alle seksjonseigarane, eller nabovarsla alle. I tillegg å du varsla aktuelle naboar til eigedomen. Vi har lagt ved naboliste.

Vi har diskutert saka med vegavdelinga. Deira førebelse vurdering er at det ved innsending av eventuell ny søknad må dokumenterast at tiltaket ikkje kjem i konflikt med frisktsona i avkøyrsla, og at alternativ plassering av garasje bør vurderast.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til behandling.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad. Ved innsending av ny søknad må det dokumenterast at krav i kommuneplanen for Lindås 2019 – 2031 som gjeld parkering, uteopphaldsareal og utnyttingsgrad er oppfylt.

### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

gbnr 38-121 naboliste

### **Mottakarar:**

Denis Suchopalov

Hellebrekkene 60 5957

MYKING